

Kandidatnummer:

NYNORSK | 20.08.15

Vurderingsskjema for munnleg norskprøve, nivå A1–A2 (set kryss i skjemaet).

Under A1	A1-beskrivingar	A1	A2-beskrivingar	A2
Formidlingskriterium				
OPPGÅVE A Individuell (fortelje)	Kan presentere seg ved hjelp av enkeltord og enkle frasar.		Kan presentere seg på ein grei og lett forståeleg måte.	
OPPGÅVE B Individuell (beskrive)	Kan ved hjelp av enkeltord og faste frasar fortelje kva han/ho ser på biletet (for eksempel: «Eg ser...»).		Kan ved hjelp av enkeltord og enkle setningar fortelje kva han/ho ser på biletet.	
OPPGÅVE C Samtale (utveksle informasjon)	Kan ta del i ein svært enkel samtale, for eksempel ved å stille og svare på konkrete spørsmål.		Kan utveksle informasjon, synspunkt og erfaringar på ein enkel måte.	
OPPGÅVE D Individuell (fortelje/beskrive)	Kan med enkeltord og enkle frasar svare på spørsmål frå eksaminator.		Kan på ein enkel måte fortelje om erfaringar, hendingar, ønske og planar.	
Språklege kriterium for kandidaten sin prestasjon gjennom heile prøven				
Flyt	Flyt er ikkje eit krav på A1-nivået.		Kan produsere samanhengande tale, men med nøling og mange pausar.	
Uttale	Uttalen er svært påverka av morsmålet. Det kan vere vanskeleg å forstå kva kandidaten seier.		Uttalen er stort sett god nok til at ein forstår sjølv om påverknad frå morsmålet er tydeleg.	
Ord og uttrykk	Kan bruke nokre vanlege ord og korte innøvde frasar.		Kan bruke ein del vanlege ord og uttryksmåtar. Ordforrådet er enkelt, men kandidaten klarer stort sett å gjere seg forstått.	
Grammatikk	Kan bruke nokre få, enkle, innøvde setningar og frasar.		Kan bruke nokre grunnleggjande strukturar, både ordbøying og setningsmønster, men gjer framleis elementære feil.	
		Minimum 6 kryss		Totalt 8 kryss

A1: Kandidaten kan vere under A1 på eitt av formidlingskriteria. **A2:** Kandidaten må vere på nivå A2 i alle kriterier.

Stad og dato

Eksaminator

Sensor

Resultat:

Kandidatnummer:

NYNORSK | 20.08.15

Vurderingsskjema for munnleg norskprøve, nivå A2-B1 (set kryss i skjemaet).

	Under A2	A2-beskrivingar	A2	B1-beskrivingar	B1
Formidlingskriterium					
OPPGÅVE A Individuell (fortelje/beskrive)		Kan på ein enkel måte fortelje om erfaringar, hendingar, ønske og planar.		Kan på ein grei og lett forståeleg måte fortelje om erfaringar, hendingar, ønske og planar.	
OPPGÅVE B Samtale (utveksle synspunkt/meiningar)		Kan utveksle informasjon, synspunkt og erfaringar på ein enkel måte.		Kan utveksle informasjon, synspunkt og erfaringar på ein forståeleg måte. Kan grunngi synspunkta sine.	
OPPGÅVE C Individuell (uttrykkje synspunkt/meiningar)		Kan få fram enkle synspunkt. Kan trenge støtte frå eksaminator.		Kan uttrykkje synspunkt og grunngi desse på ein forståeleg måte. Kan snakke sjølvstendig og samanhengande.	
Språklege kriterium for kandidaten sin prestasjon gjennom heile prøven					
Flyt		Kan produsere samanhengande tale, men med nøling og mange pausar.		Kan snakke samanhengande. Sjølv om det kan vere litt nøling og leiting etter ord og korrekte former, klarer kandidaten å halde talen/samtalen i gang.	
Uttale		Uttalen er stort sett god nok til at ein forstår sjølv om påverknad frå morsmålet er tydeleg.		Uttalen av språklydane og trykkfordelinga er god nok til at det stort sett er lett å forstå det som blir sagt.	
Ord og uttrykk		Kan bruke ein del vanlege ord og uttrykksmåtar. Ordforrådet er enkelt, men kandidaten klarer stort sett å gjere seg forstått.		Meistrar godt eit elementært ordforråd, men kan framleis gjere feil som forstyrrar kommunikasjonen når ho/han skal uttrykkje meir komplekse tankar eller snakke om uvande emne.	
Grammatikk		Kan bruke nokre grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster – men gjer framleis elementære feil.		Har forholdsvis godt grep om grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster.	
		Totalt 7 kryss		Totalt 7 kryss	

For å plasserast på eit nivå må kandidaten vere på nivå i alle kriterium.

 Stad og dato

 Eksaminator

 Sensor

Resultat:

Kandidatnummer:

NYNORSK | 20.08.15

Vurderingsskjema for munnleg norskprøve, nivå B1–B2 (set kryss i skjemaet).

	Under B1	B1-beskrivingar	B1	B2-beskrivingar	B2
Formidlingskriterium					
OPPGÅVE A Individuell (uttrykkje synspunkt/ meningar)		Kan uttrykkje synspunkt og grunngi desse på ein forståeleg måte. Kan snakke sjølvstendig og samanhengande.	<input type="checkbox"/>	Kan uttrykkje synspunkt og grunngi desse på ein lett forståeleg måte. Kan snakke sjølvstendig og samanhengande.	<input type="checkbox"/>
OPPGÅVE B Samtale (utveksle synspunkt og meningar)		Kan få fram synspunkt og følgje opp og/eller forhalde seg til det samtalepartnaren seier.	<input type="checkbox"/>	Kan få fram synspunkt og utdjupe/underbyggje desse på ein lett forståeleg måte. Kan følgje opp og/eller forhalde seg til det samtalepartnaren seier på ein passande måte.	<input type="checkbox"/>
OPPGÅVE C Individuell (argumentere)		Kan uttrykkje synspunkt og grunngi desse på ein stort sett forståeleg måte.	<input type="checkbox"/>	Kan uttrykkje synspunkt og utdjupe/underbyggje desse på ein lett forståeleg måte.	<input type="checkbox"/>
Språklege kriterium for kandidaten sin prestasjon gjennom heile prøven					
Flyt		Kan snakke samanhengande. Sjølv om det kan vere litt nøling og leiting etter ord og korrekte former, klarer kandidaten å halde talen/samtalen i gang.	<input type="checkbox"/>	Kan uttrykkje seg utan forstyrrende pausar, men nøling kan førekome når han/ho leiter etter ord og formuleringar.	<input type="checkbox"/>
Uttale		Uttalen av språklydane og trykkfordelinga er god nok til at det stort sett er lett å forstå det som blir sagt.	<input type="checkbox"/>	Uttalen av språklydane og trykkfordelinga er så god at det er lett å forstå det som blir sagt.	<input type="checkbox"/>
Ord og uttrykk		Meistrar godt eit elementært ordforråd, men kan framleis gjere feil som forstyrrar kommunikasjonen når ho/han skal uttrykkje meir komplekse tankar eller snakke om uvande emne.	<input type="checkbox"/>	Har eit breitt ordforråd både når det gjeld enkeltord og uttrykksmåtar. Kan variere formuleringane. Feil førekjem utan at det forstyrrar kommunikasjonen.	<input type="checkbox"/>
Grammatikk		Forholdsvis godt grep om grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster.	<input type="checkbox"/>	Godt grep om grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster. Variasjon i setningstypar, òg eksempel på komplekse setningstypar. Feil førekjem, utan at det forstyrrar kommunikasjonen.	<input type="checkbox"/>

For å plasserast på eit nivå må kandidaten vere på nivå i alle kriterium.

 Stad og dato

 Eksaminator

 Sensor

Resultat:

Forklaring til kriteria

Vurderingsskjemaet til norskprøven må vere relativt knappe for at dei skal vere brukarvenlege. Ulempa er at knappe forklaringar gir rom for ulike tolkingar. Omgrep som formidling, flyt, grammatikk og så vidare kan definerast på ulike måtar. For at sensorane skal gi ei så lik og rettferdig vurdering som råd, er det viktig at dei legg det same innhaldet i kriteria. Derfor har prøveutviklarane i Vox utarbeidd dette dokumentet «Forklaring til kriteria», for å utdjupe korleis ein skal forstå kriteria, og korleis skjemaet skal brukast.

Norskprøven måler på nivåa A1, A2, B1 og B2. For å få ei god forståing av kva som kjenneteiknar nivåa, er det viktig å setje seg inn i korleis desse er skildra i Rammeverket og i Læreplanen. Eit rammeverksnivå er ikkje eit punkt, men eit område på ein skala. Vurderingsskjemaet til norskprøven inneheld beskrivingar av minimumskrava for eit nivå – det vil seie at ein kandidat kan oppfylle kravet til eit nivå med god margin utan at han eller ho dermed kan plasserast på nivået over. Det inneber at det vil vere forskjellar mellom to kandidatar som begge blir plasserte for eksempel på nivå A2: Éin vil kanskje akkurat så vidt vere på nivå, medan ein annan gjerne er på B1 i alle kriteria med unntak av eitt, og blir då plassert på A2. Kandidaten kan vere heilt i øvre sjikt av A2-nivået for alle kriteria, men likevel ikkje oppfylle krava for B1.

Formidling

Med *formidling* meiner vi korleis kandidaten løyser oppgåvene. Vi skal ikkje vurdere innhaldet (meningar, faktakunnskapar) i det kandidatane seier. Det vi vil måle med dette kriteriet, er om kandidaten meistrar dei språklege funksjonane

som trengs for å gjere det oppgåva krev. Dette kriteriet dekkjer noko av det som er sentralt i kommunikativ språktesting, nemleg at ein ser på funksjonaliteten ved språket, om språket er tilstrekkeleg til å formidle ein bodskap på ein forståeleg måte, og om kandidaten har dei språkfunksjonane som krevst på nivået.

På A1 kan ein bruke enkeltord og faste fraser til å fortelje og stille og svare på enkle spørsmål. På A2 kan ein på ein enkel måte fortelje om noko og utveksle informasjon og synspunkt. På B1 skal ein kunne fortelje om noko, utveksle informasjon og synspunkt og grunngi synspunkta på ein forståeleg måte. På B2 skal ein kunne uttrykkje synspunkt og utdjupe eller underbygge dei på ein lett forståeleg måte. Ein språkfunksjon som skil B2 frå B1, er det å argumentere.

Oppgåve tre i B1-B2-prøven legg opp til argumentasjon, men dette omgrepet er ikkje brukt i sjølve beskrivinga av kriteriet. Det er ikkje ønskeleg at kandidat eller sensor fokuserer for mykje på definisjon av funksjonar (grunngi/argumentere) eller at den formelle oppbygginga av innlegga til kandidaten øydelegg for den spontane språkbruken. (Oppbygging av argumentasjon kan målast i skriftleg prøve.) Dersom kandidaten underbygger/utdjupar synet sitt, kan ein rekne med at vedkomande meistrar meir krevjande funksjonar enn den heilt enkle og personlege grunngivinga ein ventar på B1.

Under formidling vurderer vi kvar oppgåve for seg fordi dei ulike oppgåvene er laga for å måle språk på ulike nivå, og fordi dei måler ulike språkfunksjonar. Kandidatane må vere på nivå etter alle formidlingskriteria og dei språklege kriteria for å bli plasserte på dette nivået samla. Det er likevel eitt unntak: Kandidatar kan plasserast på A1 sjølv om dei er under nivå A1 i eitt av formidlingskriteria.

Individuelle oppgaver:

I dei individuelle oppgåvene skal kvar kandidat snakke åleine. Dette for å sikre at begge kandidatane får høve til å produsere nok språk til at ein har eit grunnlag for vurdering. Avhengig av nivå skal kandidaten i dei individuelle oppgåvene beskrive, fortelje og uttrykkje synspunkt og meiningar. Sjølv om kandidaten i utgangspunktet skal snakke åleine, kan det vere nødvendig at eksaminator stiller spørsmål undervegs. Dette vil vere spesielt aktuelt på låge nivå (A1 og A2) der kandidatane ofte ikkje har nok språk til å seie så mykje om eit avgrensa emne.

Parsamtale:

Det er ikkje alle sider ved munnleg språkbruk ein får målt i ei individuell oppgåve eller i samtale med eksaminator. Gjennom parsamtale mellom to kandidatar skal kandidatane få høve til å stille kvarandre spørsmål, respondere på ein passende måte, uttrykkje usemje, be om oppklaringar og så vidare. Avhengig av nivå skal kandidaten i denne oppgåva utveksle informasjon, synspunkt og meiningar.

Parsamtalen er med også av omsyn til tilbakeverknadseffekten på undervisning og læring. Vi meiner det er viktig at kursdeltakarane oppfattar det som relevant å øve på å snakke norsk med andre kursdeltakarar. Dette kan vere problematisk på fleire måtar. Nokre kandidatar kan dominere i samtalen, slik at medkandidaten ikkje får vist så mykje språk, kandidatane kan vere på ulike ferdigheitsnivå eller dei kan ha ulike personlegdomstypar. Dette er grunnen til at vi alltid vil kombinere ei samtaleoppgåve med individuelle oppgaver.

I skjemaet står det i beskrivinga av A1-nivået: «Kan ta del i ein svært enkel samtale, for eksempel ved å stille og svare på konkrete spørsmål.» Sensorane må vere merksame på at det altså ikkje er eit absolutt krav at kandidatane stiller kvarandre spørsmål. Nokre gonger skjer utvekslinga av informasjon ved at kandidatane vekslar på å ta ordet utan at dei stiller kvarandre konkrete spørsmål. Andre gonger tar ein av kandidatane på seg rolla med å stille den andre spørsmål, og den andre svarer. Det er vanskeleg å styre korleis samtalen mellom to kandidatar utviklar seg, og her er det både kulturforskjellar og personlegdomsforskjellar som kan spele inn.

Språk

Flyt

A1	A2	B1	B2
Flyt er ikkje eit krav på A1-nivået.	Kan produsere samanhengande tale, men med nøling og mange pausar.	Kan snakke samanhengande. Sjølv om det kan vere litt nøling og leiting etter ord og korrekte former, klarer kandidaten å halde talen/samtalen i gang.	Kan uttrykkje seg utan forstyrrande pausar, men nøling kan førekome når han/ho leiter etter ord og formuleringar.

Med *flyt* meiner vi i kva grad kandidaten produserer samanhengande tale i den individuelle oppgåva og i samtalen. Det er fleire moment som skapar eller hindrar flyt: Er taletempoet naturleg eller nedsett? Er det mange pausar? Er pausane lange, og er dei plasserte på stader vi ikkje naturleg ville hatt ein pause? Er pausane stille eller fylte av pausefyllarar som signaliserer at ein ikkje har gitt frå seg ordet enno («æh», «hm», «kva var det eg skulle seie?»)?

Flyt er eit teikn på at språket er automatisert. Dersom både grammatikk og vokabular er automatisert, slepp kandidaten å bruke mykje kapasitet på å planlegge dette og kan konsentrere seg om innhaldet i ytringane meir enn om forma.

Men manglande flyt treng ikkje å vere eit teikn på at språket ikkje er automatisert. Det kan vere vanskeleg å seie sikkert om pausar og nøling kjem av manglande automatisering av språkferdigheiter, eller om det kjem av planlegging av innhaldet. Det er både personlegdomsforskjellar og forskjellar mellom språksamfunn når det gjeld taletempo og toleranse for pausar.

På A1-nivå er det ikkje eit krav at språket skal vere flytande. På dette nivået ser vi derfor bort frå kriteriet flyt når vi vurderer. Dette går fram av vurderingsskjemaet ved at det ikkje skal kryssast av for dette kriteriet.

Uttale

A1	A2	B1	B2
Uttalen er svært påverka av morsmålet. Det kan vere vanskeleg å forstå kva kandidaten seier.	Uttalen er stort sett god nok til at ein forstår sjølv om påverknad frå morsmålet er tydeleg.	Uttalen av språklydane og trykkfordelinga er god nok til at det stort sett er lett å forstå det som blir sagt.	Uttalen av språklydane og trykkfordelinga er så god at det er lett å forstå det som blir sagt.

I uttale skil vi mellom *enkeltlydar*, som for eksempel: b-v (bille-ville) r-l (ris-lis) i-y (sil-syl), u-o (du-do) og *trykkfordeling* i ordet (*dyrehage*, og *dyrehage*). Begge deler er viktig for at uttalen skal vere forståeleg.

På nivå A1 kan det vere anstrengande, og til tider vanskeleg, å forstå kva kandidaten seier. Vi stiller låge krav til uttale på A1-nivå. Vi ventar at uttalen vil vere så påverka av morsmålet at det vil vere vanskeleg å forstå kva kandidaten seier, eller at det krev stor velvilje frå samtalepartnaren for å forstå. Mange kandidatar vil ha ein betre uttale enn det som er beskrive på nivå A1, og det kan vere rett å plassere dei på nivå A2 i uttale.

På nivå A2 er det eit krav at uttalen stort sett er forståeleg. Det betyr at det også her kan vere ord, eller små parti som er vanskelege å forstå. På nivå B1 skal det vere stort sett lett å forstå kva kandidaten seier. «Stort sett» betyr at kandidaten kan vere på B1-nivå sjølv om uttalen iblant kan vere litt utydeleg. På B2 skal uttalen vere så god at det er lett å forstå det som blir sagt.

Når vi vurderer uttale, er det viktig å understreke at det overordna må vere om han er *forståeleg*. Vi ventar at kandidatane kan ha ein uttale som er prega av morsmålet. Vi meiner også at så lenge talen er forståeleg, bør vi vere like tolerante overfor aksentprega norsk som vi er når det gjeld dialektvariasjon.

Ord og uttrykk

A1	A2	B1	B2
Kan bruke nokre vanlege ord og korte, innøvde frasar.	Kan bruke ein del vanlege ord og uttrykksmåtar. Ordforrådet er enkelt, men kandidaten klarer stort sett å gjere seg forstått.	Meistrar godt eit elementært ordforråd, men kan framleis gjere feil som forstyrr kommunikasjonen når ho/han skal uttrykkje meir komplekse tankar eller snakke om uvande emne.	Har eit breitt ordforråd både når det gjeld enkeltord og uttrykksmåtar. Kan variere formuleringane. Feil førekjem utan at det forstyrr kommunikasjonen.

Jo fleire ord ein meistrar, jo meir nyansert, presist og variert kan ein uttrykkje seg. Men å lære eit ord er ein gradvis prosess, og å kunne eit ord inneber mange delkompetansar. Å tileigne seg forståinga av «alle» sidene av eit ord (tyding, form og bruk), er noko som skjer gradvis. Først får vi ei omtrentleg forståing av hovudinnhaldet, medan kjennskap til sidetydingar, assosiasjonar, kva ord det blir brukt saman med og så vidare, kjem seinare.

I vurderingsskjemaet til Norskprøve 3 var «idiomatisk ordbruk» med i beskrivingane. Med dette meinte vi ikkje spesielle idiomatiske uttrykk (som kan vere vanskelege å lære å bruke rett). Det vi tenkte på var om kandidatane kunne uttrykkje seg på ein måte som høyrdest naturleg ut i samanhengen. Eitt eksempel på ein uidiomatisk uttrykksmåte er «Eg liker dette mykje». Vi forstår godt kva som er meint, men det er ikkje ein naturleg/vanleg uttrykksmåte på norsk. Eit anna eksempel: «Det var ein veldig god tur». Vi seier «God tur!» til nokon som skal på tur, men når vi refererer til turen i ettertid, seier vi «Det var ein veldig fin tur.» Dette tar det tid å innarbeide. I det nye vurderingsskjemaet har vi erstatta «idiomatisk språkbruk» med «vanlege ord og uttrykksmåtar», men tydinga er den same som tidlegare.

I Rammeverket og i Læreplanen er ordkunnskapen knytt til kva emne ein kan vente at innlærarar kan snakke om på ulike nivå. Det er viktig å hugse på at ordforrådet er enklare, meir generelt og ofte mindre presist i munnleg enn i skriftleg språkbruk.

Grammatikk

A1	A2	B1	B2
Kan bruke nokre få enkle, innøvd setningar og frasar.	Kan bruke nokre grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster – men gjer framleis elementære feil.	Forholdsvis godt grep om grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster.	Godt grep om grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster. Variasjon i setningstypar, òg eksempel på komplekse setningstypar. Feil førekjem, utan at det forstyrrar kommunikasjonen.

Grammatikk er kanskje det språktrekket som oftast blir knytt til korrekt/ikkje korrekt. Grammatisk avvik, både i bøyingsmønster og leddstilling, er relativt lette å slå ned på. Det er viktig å minne om at ein god grammatikk er meir enn ein grammatikk utan feil. At språket er komplekst og variert er like viktig som at det er korrekt. På alle dei språklege nivåa vil ein finne kandidatar som unngår å bruke strukturar og uttrykksmåtar dei ikkje meistrar (kandidatar som «seifar»), og kandidatar som er dristige og prøver seg på formuleringar dei ikkje heilt har kontroll på. Det er lettare å uttrykkje seg feilfritt viss ein unngår strukturar og setningsmønster ein berre delvis meistrar.

Kompleksiteten kan vi sjå både på frasenivå og setningsnivå. Verb-, adjektiv- og nominalfrasar kan byggjast ut, for eksempel: «bilen» eller «den stilige, raude bilen eg nettopp har kjøpt i Tyskland». Det er viktig å understreke at kandidatane ikkje må straffast for at dei tør å bruke eit språk dei ikkje heilt meistrar, men heller bli premiert for at dei prøver på meir komplekse strukturar.

I beskrivingane av grammatikk bruker vi nemninga «grunnleggjande strukturar». Dette er strukturar både i ordbøying og leddstilling som er relativt enkle og vanlege, og som blir tileigna tidleg.

Når det gjeld ordnivået, vil vi rekne som grunnleggjande strukturar at:

- substantiv og adjektiv blir bøygd i kjønn, tal og bunden/ubunden
- verb blir bøygd i tempus
- pronomen blir bøygd i kjønn og tal

På frase- og setningsnivå reknar vi som grunnleggjande strukturar at:

- setningar må ha eit subjekt (Eg les ei bok. Det regnar.)
- setningar må ha eit finitt verb (Eg les ei bok. Eg har lese ei bok. Eg skal lese ei bok.)
- negasjonen skal komme etter finitt verb (Eg les ikkje ei bok. Eg har ikkje lese ei bok.)
- spørsmål har inversjon mellom subjekt og verbal (Les du ei bok? Kva les du no?)

På A1 ventar vi liten kjennskap til grammatikk. Kandidaten bruker stort sett enkle strukturar som er innøvd («Eg gå på skule», «Eg gå på butikken», «Kva heiter du?»). Sjølv i enkle strukturar vil kandidaten gjere feil.

På A2 står det at kandidaten «kan bruke nokre grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster – men gjer framleis elementære feil». Vi ventar altså at kandidatar på A2-nivå uttrykkjer seg rimeleg enkelt, men at dei har nokre eksempel på bøyging av verb og substantiv.

På B1 står det at kandidaten har «Forholdsvis godt grep om grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster». Det betyr ikkje at grammatikken er feilfri, men at kandidaten har relativt god kontroll over dei vanlegaste bøyingsmønster og setningstypar. Kandidaten meistrar mykje av det grunnleggjande formverket, og det vil også vere ein del eksempel på vellukka bruk av utbygde frasar og leddsetningar.

På B2 står det at kandidaten har «Godt grep om grunnleggjande strukturar – både ordbøying og setningsmønster». Kandidaten har «variasjon i setningstypar, også eksempel på komplekse setningstypar». Vi kan altså vente at det grunnleggjande stort sett er på plass, men at kontrollen ikkje er like god i meir komplekse strukturar. Grammatikken er ikkje feilfri. «Feil førekjem», men «utan at det forstyrrar kommunikasjonen».